

Referat frå årsmøte i hytteforeninga 3.sept 2016

31 medlemmar var til stades på årsmøtet som vart halde på Grotli høgjellshotell klokka 18.00.

1. Innkallinga vart godkjent og Kjell Warholm vart valgt til møteleiar.

2. Årsmeldinga (sept 2015-sept 2016) vart opplesen, den er og tidlegare sendt ut til medlemmane i lag med innkalling til årsmøtet.

Trimpostane vart trekte i samband med denne saka. Vinnarar får gåvekort på 500 kr på G-sport: Bodil Berge (Hamserunda), Harald Barstad (Hamsehytta) og Tordis Brandsar (Viahøi).

3. Økonomisk rapportering; reknskap 2015 og forslag til budsjett 2017, som er sendt ut til medlemmane tidlegare. Rekneskapet vart gjennomgått og godkjent. Driftsresultatet var på 11495 kr. På konto pr.dags dato står 36159,46 kroner.

Budsjett for 2017 vart gjennomgått og godkjent. Det kom innspel om at 5000 kr er lite midlar avsett til grusing/vedlikehald av veg. Styret tek innspelet med seg i vidare saksbehandling i høve diskusjonar med Skjåk kommune om ei varig løysing for vedlikehald av Gamle Geirangerveg.

4. Revisorrapport: Rekneskapet vart revidert 22.08.2016 av Per Bjerke og er godkjent.

5. Valg av nytt styre. Erna Erstad har vore med sidan starten av, ho vart takka av og fekk ei påskjøning overrekt av styreleiar. Kjell Warholm vart gjenvalgt, i tillegg kom Sveinung Hovde inn som nytt styremedlem. Dei andre i styret sit eit år til. Styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet.

6. Fastsetting av kontingent: Styret anbefalar at kontingenten for 2017 framleis vert 200 kroner. Dette gav årsmøtet tilslutnad til.

7. Det var ikkje kome inn årsmøtesaker frå medlemmane.

ORIENTERINGSSAKER:

Etablering av interessegruppe for sosiale aktiviteter

Ei slik gruppe har hytteforeninga hatt tidlegare. Det kom innspel på at nokon av hytteeigarane frå Skjåk burde vere med i ei slik gruppe, sidan dei har mest kjennskap til nærområdet. Interesse for etablering av gruppa verka ikkje å vere tilstades, og det kom heller ikkje innspel på om påskeaktivitetar var noko som burde fortsetjast med. Det vil vere opp til det komande styret å finne ut kva ein eventuelt skal gjere.

Vatn og kloakkløysingar, byggeareal mm: Roger hadde ein gjennomgang av gjeldande reglar i høve dette. Denne oversikta vil verte lagt ut på heimesida til hytteforeninga.

Etablering av automatiske bommar: Det har kome forespørsel om dette frå medlemane, og styret har difor utreda litt kva det vil innebere. Prisen er rundt 40.000 kroner for kvar bom (+moms og frakt), i tillegg kjem kostnader til diverse utstyr ein treng, nedgraving av kablar, abonnement og driftskostnader. Oppsitjarane til dei enkelte stikkvegane må ta stilling til om ein eventuelt jobbar vidare med dette. Det kom i denne saka innspel om at det er fint om ein får festa refleksar på kjettingane, og dette må vi prøve å få til.

Vedlikehald av Gamle Geirangerveg. Det er behov for ei varig løysing for vedlikehald av vegen. Hytteforeninga har bidrege med dugnad og pengar tidlegare, men no vil ein begrense dette til å berre gjelde dugnad. Styreleiar har hatt møte med kommuna der ein er einige om tiltak. Kommuna vil ha møte med Statens vegvesen der ein vil kome fram til ei ordning, og hytteforeninga avventar kva som kjem fram på dette møtet.

Parkering i påska. Kommuna vil ta opp med Statens vegvesenet spørsmål om å gjenopppta brøytinga av den store parkeringsplassen nedanom vegen. Slik kan ein unngå at det vert for stort press på den store parkeringsplassen i påskeveka.

Bandtvang for hund: Dette vart hytteeigarar påmint om å følgje, der det også kom innspel om at vi bør få opp eit skilt om dette på buda på parkeringsplassen.

Lading av el-bilar. Styret ser ikkje at det er hytteforeninga sitt ansvar å ha ladestasjon for el-bilar. Hytteeigarar som har innlagt straum kan lade ved hyttene sine.

Gjennombrøyting av gamlevegen: Her er det snakk om ei gjennombrøyting av dei siste skavlane som ligg på vegen utpå våren, gjerne i siste halvdel av mai. Kommuna stiller seg positive til dette. Det vil då vere hytteforeninga sitt ansvar og vi må også dekke utgiftene. Styret etterspør eit tilbod på dette og tek ei vidare avgjerdsle.

Ny heimeside: Heimesida vår er moden for utskifting og oppdatering, og ein større sum er satt av til dette på budsjettet for 2017. Kva ynskjer medlemane skal vere på ei slik side? Her kom det innspel om medlemslister med namn og telefonnummer og kart med namn på hyttene. Styret ynskjer elles at det kan verte eit arkiv der ein finn dokument for hytteforeninga, vedtekter, linkar til diverse og anna. Sida må vere eit funksjonelt verktøy.

INFORMASJON frå ordføraren i Skjåk Elias Sperstad (som også har hytte i feltet).

Ordføraren informerte om at kommuna er interessert i å vite kva dei skal jobbe med for oss hytteeigarar, så det er berre å ta kontakt!

Han informerte elles om blant anna dette: renovasjon og bommar, 4G, riksveg 15, verving av kommuna, næringsmøte, scooterkøyring og køyring av skiløyper.

8. Eventuelt:

Det kom spørsmål frå Jan Henning Sunndalskleiv om utlevering av det han meinte var private dokument frå arkivet til hytteforeninga. Styret vil sørge for at det vert gitt eit svar til Jan Henning i denne saka.

Referent, Ingvild Bøstrand
-sekretær, hytteforeninga.